Vedlegg 3 Pris og administrative vilkår

1 Pris og prisvilkår

1.1 Prisar

Ei detaljert oversikt over einingsprisar går fram av vedlegg 4 Prisskjema. Alle kostnadar ved leveransen skal vere oppført i prisskjemaet.

1.2 Pris komplett minibuss

Prisane er eksklusive meirverdiavgift og inkluderer alle andre gebyr og vederlag (til dømes fakturagebyr, fraktkostnader, administrasjonsgebyr, toll og avgifter, og liknande).

2 Prisar

2.1 Minibuss

Pris på ytingar som vert utført før køyretøyet vert tatt i bruk er fast og vert ikkje regulert. Dette gjeld til dømes:

- Pris for komplett minibuss i samsvar med spesifikasjonen i vedlegg 1 er fast, og vert ikkje regulert.

2.2 Verknad av prisregulering

Endringar i valutakursar utover det som blir fanga opp av den aktuelle prisindeksen er leverandørens risiko.

3 Levering

3.1 Leveringsvilkår

Levering vert rekna som skjedd når ytinga er gjennomført i samsvar med det som er avtalt, og oppdragsgjevaren har godkjent leveringa. Dersom leverandøren skal utføre ein tenesteoppdrag, vert leveringa først rekna som skjedd når relevante dokument og liknande er overleverte og godkjente av oppdragsgjevaren. Desse dokumenta skal vere på norsk, såframt ikkje anna er avtalt. Dersom kontrakten/avropet inneheld plan for testing og godkjenning, vert leveringa rekna som skjedd når testinga er gjennomført og godkjent.

Dersom det skal leverast varer som ein del av avtalen, gjeld følgjande leveringsvilkår:

Varene skal leverast på det staden eller dei stadane som er angitt av oppdragsgjevaren/bestillaren, jf. punkt 3 under. Dersom det er inngått særskilt avtale om leveringsstad, som ikkje kjem fram av dette dokumentet, skal varene leverast på det særskilt avtalte leveringsstaden. Frakta av varene heilt fram til og med gjennomført levering på avtalt leveringsstad, skal gjerast for leverandøren si rekning og risiko.

3.2 Leveringsstad

Leveringsstad, og eventuelt nærare opplysning av tidspunkt og leveringsmåte, vert avtalt mellom partane.

3.3 Leveringstid

Leverandøren skal utføre levering i samsvar med vilkåra i prisskjema.

4 Betaling og faktura

4.1 E- faktura

Faktura skal leverast elektronisk i EHF-standard. Oppdragsgjevarens organisasjonsnummer er EHF-adressa.

4.2 Feil fakturaformat

Fakturaer som ikkje har innhald eller format slik som angitt ovanfor, vert rekna som ikkje mottekne.
Det må senes kreditnota for feil faktura, og ein ny korrekt faktura.

Betalingsfristen startar først frå den datoen den korrekte fakturaen er motteken.

4.3 Forsinka betaling

Betaling skal skje innan 30 dagar etter at korrekt faktura er motteken.

Ved forsinka betaling svarer oppdragsgjevar for forseinkingsrente i samsvar med lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling mv.

4.4 Betalingsplan

Pris skal fakturerast i sin heilheit ved godkjent leveranse (overlevert og akseptansetesta).